

Små klipp av bygdetradisjonen.

Av Jens Solvang.

Det er så mange hendingar
i bygdom komne til;
me sjå så mange vendingar
alt på eit lite bil.

Dei hava snutt um vollane
og flutt og rutt og bygt,
men dei gode, gamle kollane
dei standa like trygt.(Ivar Aasen).

1. Presten Meek og Karen i Breivika.

Meek var ein sinnatagg*), og av utsjåande meir lik ein fangevaktar enn ein sjelesørgar. Han hadde som hobby å kasta folk ut som tok til motmæle. Men eingong trefte han på ei tøtta som ikkje skvatt for første ropet.

Det var tillyst skulevisitat i Øyfjordvær, og borna i krinsen var møtt fram då presten kom, og mellom andre også Karen Johanna i Breivika med sine. Ho hadde i lage med ein smågut som knapt hadde vore på skule og ikkje skulle inn for presten. Men i samrøda med kjenningar gav ho ikkje akt pa at guten gjekk inn til presten saman med dei andre

*)Lars Andreas Meek sokneprest til Lenvik - Hillesøy 1880 - 89.

ungane. Da ho vart det var, gjekk ho inn og skulle hente guten ut.

Men så ville uhellet at presten hadde tatt nett denne guten for seg og funne han svært låk bade i kristeleg og verdsleg visdom og var komen i därleg humør. Då han såg Karen, spurte han om ho var meint å ha guten til heidning då han inkje kunne svare på. Karen svarte kjapt: «Å, heidning kunne kanskje ein prest og være». Dette var for mykje for Meek. Han for opp, hogg tak i Karen og til døra med ho. Karen vart forfjamsa og hamla unna; men då ho kom til døra, hadde ho summa seg og gjorde liksom i soga om ørna og bukken på Angstauren: Ho køyrd

eine handa i dørkledninga og den andre i brystet på presten og så kom dei ikkje ut lenger, men det endte med at både dørkledninga og stivatyet på presten reivst av. Utfor gangdøra stod ei gryte med stovlesmurning, denne sparka dei over under bataljen så ganggolvet flaut av tran og tjære, til stor fryd for dei mange åskodarar. Då kapitulerte presten og drog seg attende. Og Karen gjekk etter han inn og leidde guten ut, uten å vyrde presten sine augo.

Kan hende presten tenkte seg om før han neste gong sette kloa i storvilt.

Karen Johanna Olsdtr. var fødd på Langnes i Rossfjord 1840 og andre kona til Bertheus Aleksandersen i Breivik. Ho var sterk og godt trena i armar og hender ved stundom ute på Askebåen å hala inn seinota saman med karane. Ho vart ei gamal kvinne og døydde nord i Burøysund hos ei dotter i 1930-åra kring 90 år gammal.

2. Per Andrias og Mikkel Hansson.

Per og Mikkel var stødt gode vener, men når dei kom i strid om religiøse spørsmål kunne dei like lite semjast som eld og vatn. Per var høgkyrkjeleg innstilt, men Mikkel sin kristendom var frilyndt, seinare vart han baptist. Mikkel Hansson budde på Sommarøya og var los for Ytre Malangen, og når han hadde lost ei skute inn til Tromsø, var det ofte vrangt å koma seg heim igjen - det var før lokalbåtar trafik-

-219-

kerte Ytre Hillesøy. - Var det ikkje eit tilfeldig båtfølgje, laut han få seg skyss til Kvaløya og gå landvegen, og det var ikkje gjort på dagen. Så tok han inn på Greipstad hos Per, og der var han alltid velkommen.

Men så snart dei var komne til ro, tok dei opp den religiøse striden, og det gjekk ofte med neveslag i bordet, for Per var brålyndt og hissig av sinnet og ville hevde sine meininger som han bygde på den gamle dogmatikken. Mikkel var meir roleg, men slo ikkje av noko på det han trudde var sanning. Dei hermer såleis etter Per eingong han heldt fram ei setning frå Bibelen som Mikkel tydde ansleis: «Dette står skreve hos evangelisten Markus - fjerde, og hos Lukas den - femti, seksti. Høyre I dæ!» Om det var kapitel eller vers han viste til veit ingen. Då gjekk Mikkel ut, og dei hørte han sa «Satan, han e no glohersk mot meg». Han meinte ikkje å kalle Per satan, men han trudde det var den karen som freista han med vranglære gjennom Per sin munn. Men dei vart aldri uvener trass ymse oppfatning av læresetningane i bibelen.

Per var oppfarande og bråsint. Men eingong møtte han på ein kar som ikkje ga han noko etter i bråsinne. M. J. fortalte: Det var i Hekkinga under seinotfiske ein landliggedag vi sat i bua og samrødde. Per og Nils Martin på Lauksletta sat jamsides på fletten. Så kom dei i kvast ordskifte om ei sak, og begge hevda sine meininger. På slutten var Per så opprørt at han rista knytneven under nasen på Nils, men dette var meir enn Nils kunne tole. Han spratt opp og dro Per over nakken så han gjekk på hovudet fram i dørken. Hevtil skreik han. No kan du kome igjen! Men Per kom ikkje igjen. Han sette seg taggal på fletten, og det vart stilt i bua.

3. Tjuaguten.

Gamle Andreas Anderson hadde ingen søner, han var ikkje gift dessmeir. Men han oppfostra fleire framande gutter, og alle vart ikkje mors beste born.

Ein dag vart han var at Lars var liksom folkestyggi og

-220-

unngjekk alle, som hadde han vondt samvit. Så tok han guten for seg og det fall denne samrøda:

- Kem du e' redd ? Inkje svar.
- E' du redd han Karoles? Næ - i.
- E 'du redd ho Aleth? Næ - i.
- E' du redd mæg?
- Ja, ør e' æg redd.²⁾
- Ke du e' redd før?
- Æg ha stole rav.
- Ja de' skal bli dæg ein dyre rav.

Men soga fortel ikkje at noko vidare var gjort for at guten hadde naska kveiterav; det var billeg lekkerbisen i dei dagar. Men herminga lever den dag idag og nyttest som ordtøke når det høver til: -«Ja de' skal bli dæg ein dyre rav!»

4. Einar i Mefjord.

Einar var ein makelaus sogeforteljar og skrønemakar og skrønene hans var kjent like på Helgeland, men når han fortalte ei soge, smurte han jamt tjukt på.²

Det rodde mange framande fiskarar i Mefjord og Einar sat gjerne i rorbuene og samrødde med fiskarane om kveldane. Så la dei ihop at no skulle dei lage ei «drabeleg» løgn og smette i Einar. Neste kveld Einar kom, spurte ein av karane han om han hadde hørt om den store kvalen som hadde rent seg på land inn i fjordbotnen. Nei, det hadde han ikkje, og øyra stod på stillk. Jau, heldt forteljaren fram, han var veldig stor den kvalen, dei hadde fått tau i tau og samla alle dei hestar dei kunne få tak i til å kjøre han flofri, og no hadde dei kjørt i åtte dagar men ikkje fått han tør av sjøen lenger enn til øyrbeinan. Einar sat å tenkte eit bil, så sputta han tørt og sa: Kjøss mæg -! så reiste han seg og gjekk. Den gongen smurte dei for tjukt på åt Einar.

² ør, gamaldags objektfomr = deg, dykk.

-221-

Det var god gamal skikk i førre generasjon å halda husandakt om sundagane. Dei las ei sundagspræken av dei gamle huspostillane og song eit par salmar til.

Einar sat ein sundag og las sundagspreika for huslyden. Men dei gamle prestane hadde hang til å flette latinske sitater inn i preikene sine, og desse var vrang å lese for ulærde. Einar råka på ein latinsk sentents og stogga, men det måtte ikke seies at han ikkje kunne lese latin og så la han i veg: Mælar'n, Susar'n, Sallstrut'n og Telefus'n.³) Så log han stilt med seg sjølv og sa: Jau, der fekk ho latina fura si.

Dette har seinare vore eit munnheld når eit vrient arbeid løyste seg opp frå handa: - «Der fekk ho latina fura si!».

³ Seies å vera namn på fjell og fiskegrunnar på Nord-Senja.